

Fylkesstyremøte Vestland – 2024

Fredag 26.4. kl.12:00 – 15:00

Sakskart for nettmøte



Kajsa Bøyum

Kategori: Skapende skriving
Sted: Bjørnafjorden, Vestland



Elise Nansve Mjelde

Kategori: Dans
Sted: Bergen, Vestland



Kolbein Bukve

Kategori: Musikk
Sted: Luster, Vestland

[Tre av draumestipendvinnarane 2024 frå Vestland](#)

Sakskart til fylkesstyret sitt styremøte 26.4.24:

2024.01 Godkjenning av innkalling og sakskart	3
2024.02 Referatsaker	5
Økonomirapport 1. kvartal	5
Rådgjevar sin rapport	6
Leiar sin rapport frå siste hovudstyremøte	7
2024.03 Styrearbeid	8
2024.04 Politisk arbeid	9
2024.05 Utviklingsområda	11
2024.06 Orienteringar	13
2024.07 Eventuelt	14

Frå fylkesstyret møter:

styreleiar Hege Eide Vik
nestleiar Kjetil Høgseth Felde
styremedlem Øystein Røsseland Kvinge
styremedlem Karianne Kayser
styremedlem Rolf Seldal

Frå administrasjonen møter:

rådgjevar Kristin Geiring

2024.01 Godkjenning av innkalling og sakskart

Saksdokument: Sakskart på side 2
Innkalling på side 4

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:
Innkalling og sakskart godkjent.

Saksutgreiing:
Innkallinga og sakskartet er utsendt i samsvar med vedtektene og møteplanen.

Fylkesstyret:

leiar

nestleiar

styremedlem

styremedlem

styremedlem

varamedlem

varamedlem

Hege Eide Vik

Kjetil Høgseth Felde

Øystein Røsseland Kvinge

Karianne Kayser

Rolf Seldal

Kirill Zimin

Kjartan Fjordheim

Administrasjonen:

rådgjevar Kristin Geiring

Innkalling til fylkesstyremøte i Vestland, nr. 2 – 2024 den 2.2.24 kl. 12:00-15:00.

Arrangement	Dato/tid	Stad
Fylkesstyremøte 2 – 2024	26.4 / 12:00-15:00	Nett – kalenderinvitasjon

Innkallinga er i samsvar med endra møteplan.

Sakskartet vert utsendt fjorten dagar før. Forfall vert å melde til underteikna snarast mogeleg.

Fylkesstyret si nettside finn du [her](#). Der finn du bl.a. oppdatert møteplan og styreinstruks.

Vel møtt!

Venleg helsing

Kristin Geiring

rådgjevar, telefon: (+47) 41570508 / e-post: kristin.geiring@kulturskoleradet.no

2024.02 Referatsaker

- Saksdokument:**
1. Rekneskap 1. kvartal 2024 side 5.
 2. Rådgjevar sin rapport side 6-7.
 3. Leiar sin rapport frå siste hovudstyremøte side 7.

Sakshandsamar: Rådgjevar og styreleiar

Forslag til vedtak:

Referatsakene er tatt til orientering.

Saksutgreiing:

Økonomirapport 1. kvartal

NOK	Perioden, Januar - Desember			Endring
	Regnskap	Budsjett	Avvik	
Avdeling 11 Prosjekt (R8) 112				
Norsk Kulturskoleråd				
Hele 2024				
Organisasjonsnr.: 875627422				
Utskriftsdato: 10.04.2024				
Sølsinntekter		277 000		- 277 000
Andre inntekter		90 000		- 90 000
Sum driftsinntekter		367 000		- 367 000
Bruttofortjeneste		367 000		- 367 000
Lønnskostnad	30 717	108 000		- 77 283 -71,6%
Arbeidsgiveravg. og pensjonsk.	4 331	15 000		- 10 669 -71,1%
Andre personalkostnader				
Sum personalkostnader	35 049	123 000		- 87 952 -71,5%
Kostnader lokaler	4 000	10 000		- 6 000 -60,0%
Leie maskiner, inventar o.l.				
Kostnadsførte anskaffelser	505			505
Fremmede tjenester				
Kontorkostnad	388	40 000		- 39 612 -99,0%
Telefon, porto o.l.	983			983
Kostnad og godtgjøreise for reiser	66 504	50 000		16 504 33,0%
Kontingenter og gaver	1 910			1 910
Annen kostnad		144 000		- 144 000
Tap og lignende				
Sum driftskostnader	74 291	244 000		- 169 709 -69,6%
Driftsresultat	- 109 339			- 109 339
Finansinntekter				
Finanskostnader				
Sum finans				
Resultat før skatt	- 109 339			- 109 339
Årsresultat	- 109 339			- 109 339
Overføringer og disponeringer				

Merknad:

Driftstilskot frå Norsk kulturskoleråd kjem primo/medio juni for fyrste halvdel av 2024 og for andre halvdel kring primo/medio desember.

Omgrepet «salsinntekter» er fast i rekneskapssystemet Kulturskolerådet nyttar, som vert levert av Visma. Under salsinntekter ligg driftstilskot til fylkesavdelinga motteke frå Norsk kulturskoleråd, tilskot motteke frå kommunar og fylket i Vestland til arrangement i fylket for born og unge og eventuelle deltakarkontingentar frå konferansar, seminar og leiarsamlingar. Arrangement, konferansar, seminar og leiarsamlingar er budsjettert i balanse og vert gjerne og subsidiert av fylkesavdelinga. Fremmede tjenester er konsulenthonorar.

Rådgjevar sin rapport

Nettverksarbeid

1. **Arbeidsutvalet (AU) inviterte Vestland fylkeskommune** ved politisk og administrativ leiding i avdelingane for Kompetanse og opplæring og Kultur og folkehelse til møte 8. februar. Det vart i etterkant av møtet sendt ut presentasjon og notat med oppfylgingspunkt i høve vidare kommunikasjon. AU tok opp saker med relevans for samarbeid og samhandling i tråd med styringsdokument for organisasjonen. Det har i etterkant av møtet vore kontakt på administrativt nivå i høve fordjuping med gjensidig informasjonsutveksling og positivitet i høve vidare kontakt i saker der det er naturleg. Me er forespeila invitasjon til møte i hovudutval for Kultur, idrett og inkludering.
2. På **Strategikonferansen til KS Vestland** 4.-5.mars var styreleiar tilstades, då som ordførar, og rådgjevar representerte for Norsk kulturskoleråd Vestland.
3. **Rammeplanhøyring** er igangsett i fleire kommunar. Grunna knapp tid, er det ikkje alle som rekk å få saka opp i kommunestyret / bystyret, slik at også kommunale utval handsamar saka.

Styrearbeid

1. **Arbeidsutvalet (AU)** i Norsk kulturskoleråd Vestland, repr. ved styreleiar, nestleiar og rådgjevar, hadde møte 02 – 2024 den 8. april.
2. Det har mellom styremøte 01-2024 og fram til 02-2024 vore aktiv kommunikasjon på mobil og e-post mellom AU og styret inkludert varamedlemmer i høve saker og frister som me må handtere før styremøtet 26. april.
3. **Kandidatar til verv i Norsk kulturskoleråd**: forslag frå Norsk kulturskoleråd Vestland vart innsendt innan fristen 15.3 til nasjonal valkomite.

Utviklingsområde

Digitalitet

1. **kulPfdK (kulturskole profesjonsfaglig digital kompetanse)** er under utvikling i samarbeid mellom Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Norsk kulturskoleråd. På leiarkonferansen i april var representant frå HVL til stades og det var dialog mellom UDIR sine representantar, som hadde innlegg om Pfdk for skule utvikla av dei, HVL og Kulturskolerådet.
2. På **Leiarkonferansen «Digitalitet i droneperspektiv og under lupen»** i Oslo 4.-5. april arrangert av Kulturskolerådet i samarbeid med KS og Norges musikkhøgskole, representerte nestleiar.
3. **Klarspråk 2024 – kvifor må vi jobbe med klart språk når vi digitaliserer?** Konferansen i Bergen 11.-12.4 vart arrangert av DIGI Vestland. Rådgjevar tok del 12.4. Informasjon frå konferansen vert sendt kulturskulane i Vestland med von å å betre synleggjing og tydeleg kommunikasjon på digitale plattformer i kommunen for kulturskulane. Informasjon vert og delt med kollegiet i Kulturskolerådet.

Fordjuping

1. **Inkluderande kulturskule konferanse** med tema fordjuping 7. mars for samtlege som mottok / mottar midlar samt andre interesserte hadde deltakar frå Bergen kulturskule ved Rolf Seldal, som og har særleg ansvar for forjuping i fylkesstyret. Rådgjevar tok del med praktisk tilrettelegging på vegne av Kulturskolerådet. Sunnfjord kulturskule ved rektor / tidlegare

nestleiar var invitert for å halde innlegg om regioninndeling av kulturskular i høve Meld. St. 18 og deling av ansvar innan programområdet fordjuping for kulturskulane i Vestland fylke.

2. **«De unges festspillforestilling»** vert arrangert 28. mai kl.18.00 Prosjektgruppa ved prosjektleiar har sendt invitasjon til fylkesstyret og til leiinga i Norsk kulturskoleråd. Arrangementet står på [nettsida til Festspillene i Bergen](#).

Mangfald

Mangfaldssertifisering kjem skuleåret 24/25 i regi av Seema i samarbeid med Kulturskolerådet. Her er [nyhendesak og informasjon om påmelding](#). På [webinaret](#) om Mangfaldssertifisering har ein av fagsjefane i Bergen kulturskole innlegg frå deltakerperspektiv ut ifrå deltaking i pågåande sertifisering.

Framtidas kulturskule

1. **Framtidas kulturskule regionale program** har søknadsfrist 15. mai. Informasjon på e-post og andre fora til relevante deltakarar er kommunisert til relevante deltakarar. Rådgjevar vart invitert og heldt nettinnlegg for kulturskulekollegiet i Hyllestad, Fjaler og Askvoll 10. april.
2. **Oppvekstleiarkonferansen – Leiing i born og unge sin kvardag** arrangert av KS, Skolelederforbundet og Utdanningsforbundet i Vestland 16-17. april på Flesland har om lag 430 påmelde. Kulturskolerådet ved prosjektleiar for Framtidas kulturskule og rådgjevar i Vestland tek del saman dag ein og rådgjevar er og til stades dag to, der me har stand om Framtidas kulturskule.

Leiar sin rapport frå siste hovudstyremøte

Rapport for hovudstyremøte 1-2024 vert lagt fram munnleg av styreleiar på styremøte 2-2024 på grunnlag av [sakskart og protokoll](#).

2024.03 Styrearbeid

Saksdokument: Lenker i saksutgreiing. Sjå [nettsida til Norsk kulturskoleråd Vestland](#).
Andre saksdokument vert utsend i e-post.

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

1. Fylkesstyret innvilger støtte til reise og overnatting på mangfaldssertifisering frå hausten 2024 til styremedlem Karianne Kayser under føresetnad av at Samnanger kommune dekker kurskontingenten og at kompetansen kjem medlemmene i Vestland til gode i form av tiltak innan utviklingsområdet mangfald perioden 2024-2025. Storleik på støtte vert avgjort innan juni 2024 basert på tildelt driftstilskot frå Norsk kulturskoleråd til avdeling Vestland og budsjett framlagt av Kayser for reise og overnatting.

Saksutgreiing:

1. Styremedlem Karianne Kayser har teke på seg ansvar for utviklingsområdet mangfald styreperioden 2024-2025. Norsk kulturskoleråd tilbyr [mangfaldssertifisering](#) andre runde hausten 2024. Kayser har søkt kommunen om støtte til å ta del. Kayser søker Norsk kulturskoleråd Vestland om [tilskot til reise og overnatting](#) på dei fire todagers samlingane i Oslo under føresetnad av at kommunen betaler kurset. Eksamen er lagt til mai 2025. Norsk kulturskoleråd Vestland sitt utviklingsområde mangfald og tiltak i Vestland vert å sjå i samheng med Kayser si deltaking.

2024.04 Politisk arbeid

Saksdokument: Munnleg framlegging

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

1. Fylkesstyret vedtek å sende framlagte saker til vidare handsaming i organisasjonen. Endeleg saksutgreiing frå Norsk kulturskoleråd Vestland vert sendt styresekretær innan 1. mai.
2. Handlingsplan for Norsk kulturskoleråd Vestland perioden 2024-2025 vedteken med innkomne kommentarar. Handlingsplanen vert lagt på nettsida og vert vidare fast sak på styremøte i Norsk kulturskoleråd Vestland.
3. Landstinget 2024 i Bodø:
Fylkesstyret tar til orientering status for to eksterne delegatar frå Vestland til landstinget 2024.
4. Fylkesstyret tek til orientering, at det i høve styrevedtak på e-post onsdag 10. april er gitt støtte til oppropet frå Firda vgs om å oppretthalde tilbud på danse-og dramalinja frå hausten 2024.
5. Status for arbeid med rutinisering av påmelding til årsmøte frå delegatar i medlemskommunane ved politisk skuleeigar tatt til orientering.
6. Status for planarbeidet i kommunane og kulturskulane tatt til orientering.
7. Status for ny utviklingsplan for Vestland fylkeskommune tatt til orientering.
8. Saka om Polyfon vert drøfta i neste styremøte. Styremedlem Kayser legg fram saka i neste styremøte.
9. AU legg på neste styremøte fram resultat av møte og kontakt med leiinga i Vestland fylkeskommune.

Saksutgreiing:

Politisk arbeid vert sett i samanheng med Strategi 2032, Meld.St.18(2020-2021), vedtak frå årsmøte, landsting og hovudstyre og utviklingsplan for utviklingsområda.

1. Saker frå Norsk kulturskoleråd Vestland til landstinget:
Framlegg til landstingssaker vert lagt fram for vidare handsaming av fylkesstyret.
2. Utkast til handlingsplan perioden 2024-2025 for Norsk kulturskoleråd Vestland vert lagt fram til drøfting.
3. Landstinget 2024 i Bodø:
Status for to eksterne delegatar frå Vestland til landstinget.
4. På grunnlag av e-post vedtak frå fylkesstyret vart det sendt svar til Firda vidaregåande skule (vgs), at Norsk kulturskoleråd Vestland stør oppropet i høve informasjon som kom fram i oppropet med mål om å oppretthalde tilbud om danse-og dramalinje frå hausten 2024.
5. Delegatar frå kommunane på årsmøte i Norsk kulturskoleråd Vestland:
Status for arbeid med rutinisering av påmelding til årsmøte frå delegatar i medlemskommunane ved politisk skuleeigar.
6. Planarbeidet i kommunane og kulturskulane:
Ny planstrategi vert vedteken innan eitt år. Status for saka.

7. Ny utviklingsplan for Vestland fylkeskommune – status.
[Sjå meir informasjon her – Utviklingsplan 2024-2028 – Scenario Vestland 2040](#)
8. Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi:
Kva gjer fylkesavdelinga i høve forætt og utviklingsområdet mangfald?
9. Status etter møte med politisk og administrativ leiing i Vestland fylkeskommune ved avdeling for opplæring og kompetanse og kultur og folkehelse og vidare tiltak.

2024.05 Utviklingsområda

Saksdokument: Utviklingsplan perioden 2022-2023 på [nettsida](#) til Kulturskolerådet.
Vedlegg i e-post til styret: forslag til mal for handlingsplan perioden 2024-2025.

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Handlingsplan perioden 2024-2025 vert utarbeidd som offentleg dokument for arbeidet med utviklingsområda og lagt på nettsida til Norsk kulturskoleråd under Vestland.

Saksutgreiing:

Utkast til handlingsplan perioden 2024-2025 vert lagt fram.

Nedanfor er informasjon knytt til handlingsplan og innhald frå sakskart styremøte 01-2024 i tillegg til utviklingsplan perioden 2022-2023 som finns på nettsida under Vestland:

Perioden 2022-2023

Utviklingsområda var perioden 2022-2023 fast sak på styremøta.

Utviklingsplan for styreperioden vart vedteken på grunnlag av prosess på utviklingsplan for utviklingsområda i fylkesstyret og innspel frå medlemmane.

Om utviklingsområda

Utviklingsområde er eit område som får særleg fokus i styreperioden.

Målet er at Norsk kulturskoleråd både i fylka og nasjonalt får realisert førande dokument og vedtak. Organisasjonen som heile arbeider saman med fylkesavdelingane i operasjonalisering av valt utviklingsområde. Val av utviklingsområde vert gjort på bakgrunn av lokale interesser, tilgjengelege ressursar og organisasjonens føringar. Forsking viser, at ein organisasjon handterer eitt, maksimalt to utviklingsområde samstundes. Fylkesstyret såg likevel grunn til å sjå tre utviklingsområde i samanheng for synergieffekt. Dei la fram forslag om det til årsmøtet, som vedtok følgjande på årsmøtet 2023:

Vedtak:

1. Med grunnlag i organisasjonen sine strategiar, vedtak og føringar, vedtek årsmøtet perioden 2023–25 å vektlegge utviklingsområda digitalitet, fordjuping og mangfald.
2. «Fremtidens kulturskole» vert rammeverk for utviklingsarbeidet perioden 2023–25.
3. Fylkesstyret får mandat til endringar i tråd med landstingsvedtak, sentrale føringar frå myndigheitene og samfunnsutviklinga.

Samrøystes vedteke.

Om Framtidas kulturskule

«Fremtidens kulturskole» gir rammeverk, tankesett og arbeidsmåtar. I arbeidet med operasjonalisering av utviklingsområde, vil «Fremtidens kulturskole» gi eit godt fundament. Piloten «Fremtidens kulturskole» vart gjennomført i samarbeid mellom KS og Norsk kulturskoleråd med deltakarar frå ulike kommunar. Sjå: [Fremtidens kulturskole - KS](#)

Det vert no regionale program, der Vestland si fylkesavdeling på vegne av medlemmene hausten 2023 meldte interesse for deltaking. Medlemmene har frist 15. mai for påmelding.

Framtidas kulturskule er tenkt implementert i utviklingsarbeidet med digitalitet, fordjuping og mangfald. Framtidas kulturskule som metodisk rammeverk kan gje kommunane og kulturskulane eit solid fundament for tenleg samhandling og samskaping i tråd med det Meld. St. 18(2020-2021) oppmodar til.

Handlingsplan perioden 2024-2025

Det er forslag frå administrasjonen å utarbeide handlingsplan som vert vedteken og lagt på nettsida. I tråd med tankesettet for Framtidas kulturskule, lyt ein samhandle med dei planen er tenkt for. Handlingsplanen kan ein sjå som eit dynamisk dokument i fylkesavdelinga sitt arbeid perioden 2024-2025, i den forstand at dei oppgåver ein ser som kjem i perioden og er relevante for vedtak og styringsdokument vert handsama så langt mogleg.

Korleis ser fylkesstyret for seg at utarbeiding av handlingsplanen vert lagt opp?

Kva innhald ser fylkesstyret som viktig å få med i planen?

2024.06 Orienteringar

Saksdokument: Sak vert lagt fram munnleg i møtet.

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak: Tatt til orientering.

Saksutgreiing:

1. «De unges festspilldag» med presentasjonar av kulturskuleelevar frå ulike kommunar i fylket er 29. mai på Torgallmenningen i Bergen mellom kl.10:00-15:00.
2. «De unges festspillforestilling» er 28. mai kl.18:00 i Grieghallen, Peer Gynt salen.
3. Hyllestad Fjaler, Askvoll er no ein interkommunal kulturskule med ein rektor.
4. Nokre kulturskular i Vestland melder om til dels store kutt i budsjetta. Kutt kjem til trass for at kommunar slit med aukande vald og kriminalitet innan oppvekst og i lys av forskning og uttale, der praktisk estetiske fag vert omtala som verdifullt for samfunnsbehov. Det er og døme på kulturskular med auke i budsjetta og fleire elevar og brukarar. Nokre av desse har tatt eller tek del i utviklingsprogram frå Norsk kulturskoleråd, som mellom anna vektlegg dialog med dei ulike forvaltningsnivåa i kommunen for å skape forståing for skuleslaget. Det er eksemplar på kommunar som tek del i Kulturskolerådet sitt rettleiingsprogram og har via det fått fokus på betre samhandling i kommunale tenester innan oppvekst – og omsorgsfeltet, der politisk og administrativt eigarar er godt involvert.

2024.07 Eventuelt

Saksdokument: Ingen saker.

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Det er ingen saker til eventuelt.